ALVER
KOMMUNE

Sommerro Panorama AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Morten Mangerøy Helland | 16.07.2021 |
| Vår: 21/4813 - 21/50579 | morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no | |

# Vedtak og utsending av matrikkelbrev gbnr. 137/834

Viser til motteken rekvisisjon av oppmålingsforretning over gbnr. 137/803, 137/185 og 137/66. I rekvisisjonen vert det søkt om utsetjing av oppmålingsforretning der ein vil venta med oppmåling sidan terrenget ikkje er opparbeid og eventuelle grensemerke vil forsvinne under utbygging.

Søknaden om oppretting av ny matrikkeleining er behandla etter plan og bygningslova og er godkjend. I sak 21/3903, datert 19.05.2021. Det vert no gjort slikt vedtak etter matrikkellova:

**Vedtak:**
**Me viser til matrikkellova §6 andre ledd og forskrift til matrikkellova §25 pkt. 2, og godkjenner søknad om oppretting av matrikkeleining før oppmålingsforretning er fullført.**

Den nye matrikkeleininga er tinglyst og har fått tildelt gbnr. **137/834**.
Frist for fullføring av oppmålingsforretning vert sett til 12.07.2023.

Vedlagt fylgjer matrikkelbrev for den nye eigedomen.

Den kan no skrivast skøyte på eigedomen. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket tinglysing, pb 600 Sentrum, 3507 Hønefoss»
Ein gjer merksam på at skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen før skøyte kan tinglysast.

For eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast.

**Klage;**

Denne avgjersla er eit enkeltvedtak som kan klagast over jf. Matrikkellova §46. Klage skal stilast til statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Matrikkelbrev 137-834
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sommerro Panorama AS | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |